

# Kampen om den gassisk-lutherske kyrkja sin første generalsynode

AV SIGMUND EDLAND

Vi kjenner alle biskop Birkeli som ein uvanleg engasjert og framsynt kyrkjeleidar og forskar. Han sette spor etter seg både som litteratur- og general-sekretær i Det Norske Misjonsselskap, som Misjonssekretær i LWF i Geneve, som biskop i Stavanger og i Oslo, og også som ein stor og vidsynt kyrkjehistorisk forskar – både i gassisk kyrkjehistorie og innan den eldste norske kyrkjehistoria.

Birkeli såg lenger enn dei fleste. Det var f.eks. hans visjon som ga støytet til opprettinga av «Radio Evangeliets Røst» – den kristne storsendaren for Afrika. Og som biskop i Oslo ga han viktige impulser til å få fart på den debatten om kyrkjelege reformer, som har prega den norske kyrkja det siste ti-året.

Ein kunne nemna mange andre eksempel på dei visjonar han hadde, og kor mykje av dei han fekk sett ut i livet. Men denne artikkelen skal konsentrera seg om ei mindre kjent side ved hans arbeid: hans visjonar og kamp for den Gassisk-Lutherske Kyrkja (I artikkelen nevnt F.L.M. = Fianganana Loterana Malagasy).

Under arbeidet mitt med FLM's historie, blei eg oppmerksom på at Birkeli under eit sjukeopphald i USA i 1946–47 førte forhandlingar for NMS med dei to kyrkjene som ein samarbeida med i misjonsarbeidet på Madagaskar: Evangelical Lutheran Church og Lutheran Free Church. Lutheran Free Church er ellers kjent under navnet: Lutheran Board of Mission – L.B.M. (Desse to blei i 1963 slått saman i den store American Lutheran Church, A.L.C.)

## **Birkeli si kopibok**

Interessen for desse forhandlingane fekk meg til å oppsøka Birkeli. Han fortalte eindel, og ei stund etterpå sende han meg ein ringperm som inneheldt kopiar av mesteparten av den korrespondansen han hadde ført det året han var i U.S.A. Tydelegvis mangla mange av dei

breva han hadde mottatt, for som mellommann mellom NMS og kyrkjene i Amerika, hadde han sendt mange av desse brevene vider. Men Birkelis «følgebrev» til desse breva gir likevel interessante innblikk i denne korrespondansen. Utenom brevkopier inneholdt kopiboka også foredrag og avisartiklar osv. fra Birkeli si hand.<sup>1</sup>

Dette materialet kaster eit interessant lys over arbeidet hans for den gassiske kyrkja. Kanskje det arbeidet han gjorde i Norge og USA etter krigen var vel så viktig for FLM som dei vel 10 åra han fekk arbeida her ute?

### **Kyrkjekonferansen si tid**

Då Birkeli begynte arbeidet sitt på Madagaskar tidleg i 30-åra, var arbeidet med den gassiske kyrkja sin sjølvstendighet inne i eit blindspor.

Rett nok hadde innlandskretsen fått oppretta sin Kyrkjekonferanse i 1927. Den hadde bestemmelsesrett i eindel kyrkjeloge saker. Men den hadde ein stor misjonær-representasjon, og sto dessuten i alle viktige saker under Misjonærkonferansen.

Kyrkjekonferansen sin eksistens var dessuten nye knytta til kyrkjas økonomiske yte-evne. Bare dei distrikta som greidde budsjetta sine sjølv – uten misjonshjelp – fekk senda representanter dit. Under den økonomiske krisa i begynnelsen av 30-åra heldt ein derfor på å måtta stenga heile kyrkjekonferansen i innlandet, fordi kyrkja sin økonomi gjekk så sterkt tilbake. Og for dei yngre og svakere misjonskretsane på kystane, blokkerte krisa i 30-åra alle muligheter til å oppretta lokalt sjølvstyre, for lang tid framover.<sup>2</sup>

### **Den lutherske felleskonferansen**

Det var heller ikkje frå Kyrkjekonferansen samlinga og frigjeringa skulle koma. Den måtte koma frå eit organ som var felles for heile det lutherske området, og derfor kom Den Lutherske Felleskonferanse til å spela ei viktig rolle.

Like frå starten av hadde det vore eit nært samarbeid mellom norsk og amerikansk misjon på Madagaskar, for det var NMS som først kallte dei norske kyrkjene i Amerika til hjelp. Og planer for eit meir organisert samarbeid mellom dei tre lutherske misjonane blei tatt opp for alvor før første verdenskrig (1913).

I 1923 tok Cartford, tilsynsmannen i Fort Dauphin, opp denne

tanken igjen i eit rundskriv, og snart blei det innkallt til konstituerande møte året etter.

«Den Første Lutherske Felleskonferens» samlast i Fianarantsoa i 1924. Målsettinga blei klart proklamert: «En (ensartet) Gassisk Lutherisk Kirke paa Madagascar»:<sup>3</sup>

Men alle var enige om at vegen var lang fram før ein kunne realisera denne gassiske felleskyrkja. I mellomtida burde *misionærane* møtast kvart tredje år, for å koordinera arbeid, lovverk, kyrkjesikkar osv.

Heller ikkje politisk var tida inne til å realisera større sjølvstyre i kyrkja. Franskmennene hadde heile tida ei markert styring med misjon- og kyrkjeliv, og dei tillet ikkje stor frihet til gassiske initiativ. VVS-affæren under første verdenskrig, og oppblomstringa av gassisk nasjonalisme etter krigen, gjorde at dei stadig var på vakt mot gassisk initiativ og sjølvstendighet. Først i 1936 kom det eit politisk klimaskifte då «Front Populaire» overtok makta i Frankrike. Den hadde som politisk program å kjempe mot fascismen i Europa, men den første også ein mykje åpnere politikk overfor gasserne enn tidligere regjeringer hadde gjort.<sup>4</sup>

### **Større politisk åpenhet reiser straks spørsmålet om meir gassisk innflytelse i kyrkja**

Denne nye politiske åpenheten fekk straks ein del av misionærane til å reagera, og spørsmålet om kyrkjeleg sjølvstendighet kom på dagsordenen.

Alt i 1937 blei spørsmålet reist om ikkje det ville vera til gagn for arbeidet dersom ein kunne omforma den lutherske felleskonferansen.<sup>5</sup> Det var utilfredsstillande at det einaste fellesorganet ein hadde for dei lutherske kyrkjecretsane, bare besto av misionærar, og at det bare hadde rådgjevande myndighet. Dette førte fellessake-ne (salmebok, liturgi osv) ut på ei årelang ørkenvandring der 5 konferanser eller komiteer med blanda representasjon og 5 misionærkonferanser, og 3 misionssyre skulle uttale seg. Det viste seg omrent umuleg å få avgjort sakene, sidan ein ikkje hadde noko samlande organ som kunne ta ei avgjerd til slutt. Det blei derfor foreslått å gi gassiske representanter plass i den Lutherske Felleskonferansen, og å gi denne konferansen besluttande myndighet (dvs. å omdanna den til ein generalsynode).

Saka kom opp på den Lutherske felleskonferansen i 1939, og ein

vedtok «at man bør ta sikte på en instans med avgjørende myndighet i kirkelige fellesanliggender».<sup>6</sup>

Men forsamlinga var grunnleggende uenig om forutsetningane for ein slik instans. Eit stort mindretal stemte for alternativ a: «Forutsetningen er at felleskonferansen inntil videre bare har misjonærer som medlemmer, da tiden enda ikke er kommet for gassisk representasjon». Og eit knapt fleirtal stemte for alternativ b: «Forutsetningen er at der ved siden av misjonens delegerte gis adgang for kirkevalgte innfødte medlemmer, saa ordningen samtidig betegner et skritt videre i den gassiske kirkes selvstendighet».<sup>6</sup> Med så sprikan-de vedtak blei saka sendt til dei forskjellige hovedstyra nettopp då verdenskrigen braut ut.

### **Det gassiske folket i ein ny situasjon etter krigen**

Krigen kom til å virka som ein katalysator for spørsmålet om gassisk sjølvstyre i kyrkja. Gasserne måtte – og ville – sjølv ta heile det økonomiske ansvaret for kyrkja sitt arbeid under krigen. «Det er klart for alle at det har foregått en nydannelse i gassernes sinn og tankeliv i disse krigsårene», skriv hovedstadspresten Rajosefa Rakotovao i ein interessant artikkel i 1944.<sup>7</sup> Den dalande respekten for den kvite mannen, som krigen skapte, saman med styrka sjølvkjensle fordi dei såg at dei kunne greia oppgavene dersom dei ville, var viktige moment i denne nyskapinga.

Organisatorisk fekk også kyrkja eit viktig tillegg i desse åra med at både Vestkysten (1943) og Østkysten (1944) skifta ut den blanda administrasjonskomiteen sin (Comite Mixte) med kyrkjekonferanse. Dermed hadde tre av dei fem misjonskretsane oppnådd lokalt sjølvstyre basert på sjølvhjelp.

Mange var klar over at ein ikkje uten videre kunne setja kyrkja tilbake i den underordna stillinga den hadde hatt når krigen var slutt, men dei fleste var usikre på kva vei ein skulle velja.

### **Birkeli sitt forslag i 1944**

I denne situasjonen sendte Birkeli ut sitt: «Forslag til endelig organisering av den lutherske kirke på Madagaskar». I eit håndskrive notat til manuskriptet, skriv Birkeli: «Denne fremstilling, som er det første på området, lot jeg sirkulere blant kollegene over hele Madagaskar fra juni 1944 av, etterat et foredrag jeg holdt på påskemøtet (på)

Antsirabe samme år hadde vunnet alminnelig tilslutning.

Den tok sikte på en ideell tilstand, ikke den aktuelle situasjon, og var beregnet på å sette diskusjonen igang, hvilket også lykkes. Spørsmålet ble nemlig tatt opp igjen om høsten på lærer- og prestekurset, som anbefalte saken tatt opp på neste års konferanse. Dette skjedde, men i en annen form enn den av meg skisserte.»<sup>8</sup>

I 1937–39 hadde ein nok diskutert forskjellige løysingsmodeller, men dette er det første fullstendige organisasjonsforslaget. Det er på 17 tette maskinskrivne sider, og det er rart å samanlikna det med dagens FLM, og kjenna igjen hovedtrekka i kyrkja sin organisasjon. Ikkje alle detaljer let seg gjennomføra, men dei prinsipielle hovedlinjene står fast.

I staden for dei Kyrkjekonferansane ein hadde (under misjonærkonferansens myndighet), skulle kvart område få sitt årlege Synodemøte. Dette Regional-synodemøtet skulle velja ein regionaltilsynsmann (seinare Synodepresident) og eit styre (seinare Comite Permanent eller Synodekomiteen).

Over Regionalsynodane foreslår han ein Generalsynode som møtest kvar tredje år. «Dette generalsynodemøte er kirkens øverste myndighet, og det velger kirkens øverste tilsynsmann og styre, der igjen leder kirkens liv mellom generalsynodemøtene». <sup>9</sup> Han diskuterer også fleire forslag til korleis dei ennå usjølvhjelpte synodane skal representerast, men presiserer at alle må vera med frå starten. Ein må ikkje la spørsmålet om økonomi på ny få øydeleggja styringsstrukturen i kyrkja.

«Generalsynoden behandler alle de spørsmål som har felles interesse og betydning som f.eks felleslovene, liturgien, prestedrakt, sangbok, osv, og har avgjørende myndighet over alle fellesinstitusjoner som presteskole, lærerskole osv. (---), og vedtar kirkens fellesbudsjett». <sup>10</sup>

Birkeli har her skissert opp kyrkjas hovedstruktur, slik vi kjenner den i dag. Hans forslag til finansiering har vist seg vanskelegare å gjennomføra.


Hittil var det misjonærkonferansen som hadde hatt makta i dei forskjellige konferansekretsane (synodane), men Birkeli sitt forslag snur opp ned på dette. Han skriv: «Efter det ovenfor fremlagte forslag til kirkelig inndeling i regionalsynoder og generalsynode, vil alle saker angående kirken bli avgjort i regionalsynodens og generalsynodens forhandlingsmøte. Det eneste som blir igjen er misjonærenes egne private anliggender. Men det er også nok til at det fremdeles

vil være behov for misjonærkonferansen til behandling av gasjespørsmål, plassering (– – –). Det blir en meget innskrenket spørsmålsliste (– – –).»<sup>11</sup>.

Og han konkluderer: «Altså: Den kirkelige administrasjon og misjonsadministrasjonen foreslås helt å skille lag som følge av utviklingens gang. Misjonsadministrasjonen er skrumpet inn og kan gladelig greie seg med en misjonærkonferanse (for de norske), årlig eller sjeldnere. Den kirkelige administrasjon derimot har utviklet seg og trenger former som kan gjøre den på samme tid mer effektiv og mer styrt av kirkefolket selv. Det er dette det fremlagte forslag søker å ta hensyn til, ikke en gang i en fjern fremtid, men så snart som mulig etter krigen».<sup>12</sup>

Dette er profetiske ord i eit konsekvent og radikalt forslag. Tida er koment til å gi kyrkja ein administrasjon frigjort frå misjonærane overherredømme, meiner han.

Birkeli legg opp til ein klar og enkel struktur, som vi kan skjematisera slik:



Generalsynoden forhandler med hovedstyra i misjonane når den har bruk for det, men er ellers suveren. Kvar av desse synodane vil ha sine råd og tillitsmenn. Dei tre misjonane sina misjonærkonferanser vert sett heilt utanfor denne styringsmodellen. Misjonærane har innflytelse bare når dei er medlem i synodane.

### Reaksjoner på Birkeli sitt forslag

Dette forslaget braut sterkt med meiningsa til dei som ville at misjonen ennå i lang tid måtte «sikra seg kontrollen over kyrkja», og motreaksjonen i misjonærflokkene blei sterk. I følge Birkeli var det særleg tilsynsmann Buchsenschutz som kjempa imot forslaget. Denne gamle franske «frivillige» hadde arbeidd for NMS på Madagaskar i mest førti år då han plutselig måtte rykka opp frå visetilsynsmann til tilsynsmann då Strand døde i 1941. For misjonen var det av uvur-

derleg betydning å ha ein franskmann som tilsynsmann i dei politisk vanskelege åra under krigen og under opprøret i 1947. Men når det gjaldt spørsmålet om kyrkjeleg sjølvstyre, så var han nok som franskmann meir prega av koloni-tenkninga enn dei fleste andre misjonærane i NMS.

Birkeli sjølv måtte forlata Madagaskar pga. alvorleg sjukdom alt før krigen slutta, så han fekk ikkje føra debatten vidare på plassen.

Etter krigen blei saka om «Enheten i den Lutherske kirke på Madagaskar» tatt opp på ny i den Lutherske Felleskonferansen. Ein ønska fortsatt å få avgjerande myndighet lagt til denne konferansen. Men nå var det bare Østkystens to representanter som heldt på prinsippet: «Ingen avgjørende myndighet til felleskonferansen uten gassisk representasjon». Vi skal merka oss at alle dei amerikanske ut-sendingane var mot gassisk representasjon i 1945!<sup>13</sup>

### **«Spesialkomiteens» innstilling**

Men nå begynte dei norske misjonærane å arbeida med spørsmålet på eiga hand.

På Øst-Madagaskars konferanse hadde Undheim eit langt innledningsforedrag om nødvendigheten av å få ein generalsynode eller felles kirkekonferanse nå.<sup>14</sup> På same måten har J. Ruud eit langt innledningsforedrag på Innlandet sin konferanse same året.<sup>15</sup>

Begge går ut frå Birkeli sine prinsipp, men dei avvik frå hans forslag på mange punkt, og særleg Undheim er nokså nølande til ein gassisk representasjon.

Men ingen av konferansane foretok noen realitetsbehandling, for ein hadde alt fått beskjed om å velga representanter til ein «spesialkomite» som skulle vurdera dette spørsmålet. Eg har ikkje funne noko om kor initiativet til denne spesialkomiteen kom frå, men det er mest nærliggande at det kom frå tilsynsmann Buchenschutz. Det stemmer godt med at Birkeli i ein samtale nevnte han som hovedmotstander mot dei prinsipp som han kjempa for: «Da jeg gjennom venner på Madagaskar fikk høre at Buchenschutz underslo det forslaget jeg hadde fremsatt mens jeg var lovlig medlem av konferansen der ute, og motarbeidet de prinsippene jeg hevdet, ble jeg nødt til å kjempe for min overbevisning gjennom andre kanaler».<sup>16</sup>

Den norske spesialkomiteen var sterkt konservativ i sitt syn, og trekte opp utviklingslinjer for arbeidet etter heilt andre prinsipp enn Birkeli foreslår. Birkeli sitt forslag, som var innlevert for å bli konfe-

ransebehandla, er ikkje ein gong nevnt mellom dei 11 akt-stykkene som blei opplesne då komiteen begynte sitt arbeid.<sup>17</sup>

Det er prinsippet om å sikra seg kontrollen over kyrkja som i komiteen får gjennomslag heilt til topps. Einkvar kyrkjekonferanse med gassisk representasjon, må ha ein misjonærkonferanse over seg til kontroll og bearbeiding av vedtaka. Derfor foreslår dei at ein skal oppretta ein felles-luthersk misjonærkonferanse, som skal stå over den felleslutherske kyrkjekonferansen. Vi kan skjematisk framstilla deira forslag slik:



(Sammenlign med skjematisk framstilling av Birkeli sitt forslag. Begge plasser skal det egentleg vera fem regionale enheter på kvart plan).

Som vi ser, innebær dette forslaget ei kraftig overorganisering av arbeidet, og det oser av mistillit til gasserne og av trøngen til å sikra misjonærane sin innflytelse.

Konferansereferatet viser også at mange var i tvil både om detaljane og måla i dette opplegget. Ein var m.a. redd for at enkelte av kollegene ikkje ville få gjort stort anna enn å sitja i konferanser. Det bekymra også lederne «at de norsk-amerikanske lutheranere her ute siden spesialkomiteen var samlet, er kommet med nye eller divergerende forslag på enkelte punkter. Det samme gjelder misjonsprest Fr. Birkeli i brev fra Amerika».<sup>18</sup> Dette siste gjeld uten tvil det reviserte forslaget som Birkeli sendte til alle de norske misjonærkonferansene gjennom generalsekretær Amdahl. Men det ser ikkje ut til at ein har vurdert dette seriøst.

Sjølv om ein del var i tvil, blei det vedtatt å gå inn for spesialkomiteen sitt forslag, med nokre mindre endringer, og bringa det fram for den Lutherske Felleskonferansen sitt møte i 1948.

## **Grunnleggande uenighet i den lutherske felleskonferansen**

Ein var klar over at det var ein svakhet at amerikanerane ikkje hadde vore med i spesialkomiteen. Rett nok hadde gamle Trygstad frå ELC, som tilfeldigvis var i Fianarantsoa på den tida, vore med på møta. Men det viste seg at han ikkje hadde noko mandat til dette.

Men det er tydeleg at ein har rekna med å ha amerikanerane bak seg i denne saka. Og det er ikkje så underleg, for både i 1939 og i 1945 var dei amerikanske misjonærane mellom dei mest skeptiske til ei topporganisering av kyrkja, nettopp fordi dei to synodane i sør var komne minst i vei både med økonomisk og administrativt sjølvstyre på lokalplanet. (ELC fekk kyrkjekonferanse først i 1948, og LBM først i 1951).

Men på den Lutherske Felleskonferansen i 1948 nekta amerikanerane å ta stilling til dei omfattande forslaga frå spesialkomiteen, fordi deira konferanser ikkje hadde fått diskutert dei. I staden vedtok ein å samlast til ekstraordinær konferanse i 1949.<sup>19</sup>

På denne konferansen oppdaga nordmennene til sin forbauselse at amerikanerane hadde snudd om, og samla seg om eit forslag frå Stavaas frå 1947, som ELC sin konferanse hadde vedtatt:

«Gjennom en lengre forhåndsdebatt ble det klart at de to foreliggende forslag (Stavaas og den norske spesialkomiteens) var helt selvstendige i forhold til hverandre (– –). Den videre debatt gjorde det også klart at de to forslag gjaldt forskjellige ting: det norske siktet på en ny konferanse av gassere og misjonærer, som bindeledd mellom kirkekongressene, og som et skritt fremover mot en helt selvstendig gassisk luthersk kirke, mens Stavaas' betød konstituering av en gassisk luthersk kirke.»

«Etterhvert som det ble klart at det var spørsmål om en konstitusjon for den gassisk-lutherske kirke det her gjaldt, ble det diskutert av de norske representanter at de ikke hadde mandat til å gå til et så betydningsfullt skritt nu, og at de ikke var forberedt på dette. De mente derfor at man ikke hadde annen vei å gå – så trist som det enn var – enn å begynne på nytt og utarbeide et felles forslag til statutter slik at begge parter var med fra først av, slik som opprinnelig var meningen da Spesialkomiteen ble dannet». <sup>20</sup>

Dei fem tilsynsmennene blei derfor oppnevnt til felleskomite for å utarbeide eit felles forslag. Misjonssekretær Johannes Skauge, som var på inspeksjon på Madagaskar i 1949 – 50, skriv i sin rapport: «Under de konferanser jeg hadde med til tilsynsmann Monson

og et par av deres misjonærer i Fort Dauphin i fjar, gav amerikanerne klart til kjenne at de ønsket å gå til full utbygging av den gassisk-lutherske kirkes endelige konstitusjon med en gang. Det var derfor klart at skulle det komme til en løsning, måtte det bli på dette grunnlaget.»

«I de følgende forhandlinger mellom de 5 lutherske tilsynsmenn (— —) som var samlet først i Tulear i 1949 og i Tananarive i 1950 (— —) samlet man seg om denne linje».<sup>21</sup>

Det blei altså full norsk tilbaketrekking, og den første generalsynoden for FLM kunne samlast 5. november 1950 for å leggja sluttsteinen på kyrkjebygget – 83 år etter starten.

### **Kva låg under desse forandringane!**

Vi har sett litt på dei offisielle dokumenta om denne saka (referater osv.). Men kva låg under det skiftet som skjedde frå felleskonferansen i 1945 – då bare to av representantane gjekk inn for å la gasserne bli representert i felleskonferansen – og til felleskonferansen i 1949 – då kravet om topporganisering var ufråvikeleg for dei amerikanske kyrkjene?

Ja, alt med Stavaas sitt forslag i 1947, hadde ELC knesett prinsippet om full organisering av kyrkja. Og det er bare to år etterat alle dei amerikanske misjonærane i den lutherske felleskonferansen hadde stemt mot å gi gassiske representanter plass i felleskonferansen. Det er ei dreiling på 180 grader, og kva låg bak?

Sjølv sagt kan ein trekka fram mange trekk i tida som drog i denne retning. Det politiske opprøret i 1947 hadde vist styrken i gassisk frihetstrong og sjølvbevissthet. Mange hadde også ein frykt for at spesialkomiteens forslag ville føra til overorganisering av arbeidet. Skauge nevner i sin rapport at i svarskrivet for 1947 «uttalte landsstyret seg i samme retning, idet det henviste saken til videre behandling». <sup>22</sup>

### **Birkeli sitt arbeid bak kulissene**

Eg vil likevel her få peika spesielt på den betydning som Birkeli sine forhandlinger med dei amerikanske kyrkjene kan ha hatt. Då han reiste til Amerika for å få behandling for sjukdommen sin, hadde han mandat frå NMS til å forhandla med dei to kyrkjene,<sup>23</sup> og i

kopiboka hans kan vi sjå at han hadde tre hovedpunkt for desse forhandlingane:

1. Organiseringa av den gassiske kyrkja.
2. Eit stort samarbeidsprosjekt i Tananarive, med ein stor «sentralgård» som skulle innehalda kyrkja sine kontor, nytt felles trykkeri, ny felles forlagsdrift (Publishing House) osv.
3. Meir amerikansk hjelp til presteskulen (bad om nytt bibliotek osv.) Dessuten ville han involvera amerikanerane i eindel andre skuleplaner.

Mesteparten av korrespondansen hans er opptatt med punkt 2 og 3 (særleg om Forlagsspørsmålet). Men det er punkt 1 som samler vår interesse i denne artikkelen, og vi finn mange interessante ting om dette i kopiboka.

Det går fram av materialet i kopiboka at det er Evangelical Lutheran Church, med formannen dr. Aasgaard og misjonssekretæren dr. Grønli, han særleg har forhandla med. Det ser ut som om den mindre kyrkja, Lutheran Free Church, for ein stor del har nøyd seg med å slutta seg til dei disposisjonene og bestemmelser som ELC har gjort. Men det er også ein del korrespondanse mellom Birkeli og misjonssekretær Andreas Helland (far til Madagaskarmisjonæren M. A. Helland.)

I eit håndskrive notat fortel Birkeli at forhandlingane begynte med at han fekk bæra fram ei helsing til ELC sitt kyrkjemøte, 15. juni 1946. Same kveld fekk han «foretrede» for misjonsstyret, leda av formannen, dr. Aasgaard. Og Birkeli skriv: «Etter å ha avtalt de forskjellige saker, kom jeg til slutt inn på spørsmålet om å danne *en* luthersk kirke på Madagaskar også organisatorisk. I Aasgaards svar viste det seg at denne sak vandt særlig gjenklang hos ham.

Gjentagende diskusjoner, juni – juli 46, med dr. Grønli om samme emne, viser at han er like interessert. På dette punktet gir han mitt forslag, slik det er antydet ved kart og diagram i regionalsynoder og generalsynode, sin uforbeholdne tilslutning. Han mener det er veien å gå.»<sup>24</sup>

Men det avgjerande vendepunktet kom med: «Møte med misjonsstyret (– – –) og hjemmeværende amerikanske Madagaskarmisjonærer, 1. august -46 på Medicin Lake. (– – –) det var absolutt enstemmighet om å fremme enhetstanken. Her ville han (møtets dirigent) slå seg til ro. Men på henvendelse til min sidemann professor

Syrdahl, om det ikke var mulig å nå lenger, foreslo denne at misjonsstyret skulle bemyndige sin misjonærkonferanse på Madagaskar (til) å opppta forhandlinger med de norske med sammenslutning for øye. (– – –) ble forslaget enstemmig vedtatt, fuldt støttet av samtlige tilstede værende misjonærer».<sup>24</sup>

Birkeli sendte nokså snart etter dette eit brev til dr. Grønli der han presiserer og modifiserer enkelte detaljer i forslaget sitt. F.eks presiserer han at ein gjerne kan la dei amerikanske misjonsfelta bestå som eigne synoder – istadenfor å regulera dei saman med deler av det norske området, slik han hadde foreslått i 1944. Og han spør: «*Er det mulig å forfølge den her nevnte beslutning (på Medicin Lake) med en skrivelse som blir vedtatt under denne måneds styremøte?*»<sup>25</sup>

Han må ha fått løfte om dette, og han skriv så fornøgd i eit nytt brev til Dr. Grønli om sine forskjellige forhandlingsoppdrag: «Jeg unntar da her spørsmål nr. 1, som jo alt er i havn, og som jeg har ofret et spesielt brev på, nemlig *sammenslutningen av misjonene i en felles kirke*. Det vil nu gå sin gode sikre gang mot målet. Men en beslutning måtte jo til for å sette bevegelsen i gang».<sup>26</sup>

Slaget var vunne for Birkeli då styremøtet i ELC vedtok forslaget. Grønli skriv i eit brev til NMS om dette vedtaket, som vart gjort på «our Board Meeting, August 26–28:

1. *Organization of the Lutheran Church in Madagaskar as one church. This has been approved by us. It now remains to work out the details which must be worked out on the field.*<sup>27</sup>

Birkeli skriv også eit brev til Frikyrkja sin misjonssekretær, professor Helland, og henviser til saksdokumentene som Grønli skal oversenda, og han oppfordrer Frikyrkja til å ta det same steget. Han gir også Helland eindel presiseringer til forslaget, og han slutter med: «Siden en kirkelig sammenslutning er nær forestående for de tre norske misjonsfelter, bør ikke spørsmålet om manglende økonomisk selvhjelp for de amerikanske felters vedkommende hindre at alle lutherske felter *samtidig* slutter seg sammen til en kirke. Man bør istedet finne frem til midlertidige unntagelseslover».<sup>28</sup>

Vi ser at han skrämer med at dei norske misjonsfelta kan koma til å slå seg saman etter spesialkomiteen sine prinsipp, dersom ikkje amerikanerane fylgjer opp nå.

Men han trøng ikkje skräma, for begge dei amerikanske kyrkjene samla seg om Birkeli sitt reviderte forslag. ELC trykkte endå opp Birkeli sin grafiske framstilling av kyrkjemodellen og brukte den i

arbeidet vidare. (Birkeli beklaga at denne trykksaken var blitt tatt ut av kopiboka).

Denne delen av forhandlingane hadde gått uventa greitt, og Birkeli skriv til Amdahl: «Jeg ble nesten forbauset over hvor samstemmig man var i denne sak. De var så innstilt på handling at man uten debatt vedtok Syrdahls forslag om å bemyndige sine misjonærer til å begynne forhandlinger med tanke på å sammenslutte alle lutherske felter i et kirkelempem. Professor Helland har antydet at et lignende forslag vil bli vedtatt av frikirkens misjonsstyre i nov. i år. Hermed foreligger da en ny og meget gledelig situasjon, idet jeg håper vårt eget landsstyre vil ha like stor frimodighet til å gi sine misjonærer en lignende bemyndigelse».<sup>29</sup>

Birkeli greidde å få alle dei tre misjonsstyrene til å gå inn for hans linje. I eit brev til professor Helland skriv han: «Generalsekretær Amdahl meddelte meg i brev av 16 november at mine detaljerte forslag til organisasjon av en luthersk kirke på Madagaskar, vil bli sendt fra hans kontor til alle de 3 norske konferansene på Madagaskar, som skal holdes i tiden mars–juli -47. Forslagene vil altså danne en felles basis for de videre diskusjoner».<sup>30</sup>

Og i eit brev til Buvarp på Madagaskar, oppsummerer han situasjonen slik: «Blandt annet har det amerikanske misjonsstyret gitt sine misjonærer fullmakt til å begynne forhandlinger om ordning av en luthersk kirke på øya, men med atskilte misjonsmarker. Etter å ha snakket med Amdahl og misjonslederne herborte, gjennemarbeidet jeg mine «ideelle» planer fra 1944 med tanke på den foreliggende realistiske situasjon. Det gjeller om å finne en ordning som er logisk bygget op. Forslaget ble sendt inn til Amdahl, som har videresendt det til misjonsmarken. Jeg deponerte mitt oprindelige forslag i Tananarive da jeg reiste, men så vidt jeg forstår er det intet gjort med det. Personlig er jeg jo overbevist om at en ordning med Kirkekonferanse, *Kirkeråd*, og tilsynsmann for hver lokal krets eller regional-synode er en smidig ordning, og at generalkirkekongressen må sammensettes av *delegasjoner* fra hver lokal kirkekonferanse. Likeledes at generalkirkekongressen velger ikke bare en tilsynsmann eller biskop, men også et sentralkirkeråd ved hans side. Jeg foreslår altså kirkeråd som noe nytt både lokalt og for kirken som helhet. Det skulle vi hatt for lenge siden».<sup>31</sup>

Birkeli var nok litt for optimistisk når han trudde at hans forslag skulle «danne en felles basis for de videre diskusjoner» i dei norske misjonærkonferansane. Hans forslag er så vidt nevnt i innlednings-

foredraget til innlandskonferansens behandling av spesialkomiteen sitt forslag, men eg kan ikkje sjå at det har blitt seriøst behandla i det heile tatt der.<sup>17</sup> (Det er ikkje så lett å bli profet i sin eigen misjonærkonferanse).

Men som vi har sett, nådde Birkeli sine synspunkt likevel fram – gjennom dei amerikanske kyrkjene. Vi har alt sett at dei norske misjonærane måtte slå full retrett då amerikanerane forlangte organisering av ei fri Gassisk-Luthersk Kyrkje – med Birkeli/Stavaas sitt forslag i lommen.

Birkeli hadde ikkje kunna utretta dette, dersom han ikkje hadde hatt NMS sitt hovedstyre i ryggen, med Amdahl og Skauge som viktige medspelarar. Men det reduserar ikkje den æra Birkeli er verd, som drivkrafta bak denne prosessen. Han blei sendt frå Madagaskar med nedbroten helse alt før krigen var slutt, og han kom aldri tilbake dit som misjonær. Men den innsatsen han gjorde i Norge og Amerika etter krigen, for å kjempe fram ei samling av Den Gassisk-Lutherske Kyrkja, gir han ein stor plass mellom FLM sine misjonærer.

Ja, han kan uten tvil kallast «Generalsynodens far».

## NOTER

1. Biskop Birkeli si «kopibok» blei ved hans død levert til NMS sitt arkiv ved Misjonshøgskulen i Stavanger.
2. NMS hadde tillegg til Innlandskretsen også Vestkysten og Østkysten. Dessuten hadde dei to amerikanske misjonane sine områder på Sør-Madagaskar: Evangelical Lutheran Church i syd-øst (Fort Dauphin), og Lutheran Free Church – eller Lutheran Board of Mission (LBM) som den kalla seg på Madagaskar – i syd-vest (Betioky).
3. Referat fra den første Lutherske Felleskonferans, samlet i Fianarantsoa 4.–5. april 1924. Cartfords innledningsforedrag side 3. Sjå også paragraf 1 i dei stuttene som blei vedtatt, side 9.
4. Mervyn Brown: Madagacar rediscovered, side 262.
5. Referat fra Forhandlingene på fjerde ordinære konferens for Øst-Madagaskar holdt i Vangaindrano 2.–15. mai 1937, side 63–69, sak no. 15. Saka blei reist av Nakkestad. Sjå også: Referat av 61. Konferansen Forhandlinger på Antsirabe 13.–27. mars 1938, side 48–54, sak no. 1. Saka blei reist av Tilsynsmann Strand, under henvisning til Øst-Mad. behandling året før.
6. Referat fra den sjette Lutherske Felleskonferans, avholdt i Fianarantsoa 27.–31.august 1939, sak no. 2, side 7–12.
7. G. A. Meling: Mens kampen sto, Stavanger 1946, side 191–204, særleg side 197.
8. Birkelis kopibok. Manuskriptet står først i boka.
9. Birkelis kopibok. Nevnte manus side 10.

10. Birkelis kopibok. Nevnte manus side 12.
11. Birkelis kopibok. Nevnte manus side 16.
12. Birkelis kopibok. Nevnte manus side 17.
13. Referat fra den syvende og åttende Lutherske Felleskonferans, avholdt i Tulear 23.-28. juli 1945, og Tananarive 9.-11. august 1948, side 7-8.
14. Referat fra forhandlingene på 13de konferanse for Øst-Madagaskar holdt i Vangaindrano 6.-17. mai 1946, sak nr. 3, side 28-35.
15. Referat av den 69. Konferanses Forhandlinger i Fianarantsoa 31. mars-13. april 1946, sak no. 1, side 43-52.
16. Samtale med Birkeli i desember 1982. Dei kanalar som han sikta til, var NMS og dei to amerikanske kyrkjene sin administrasjon.
17. Behandlinga av Spesialkomiteen sitt forslag finn vi i Referat av den 70. Konferanses Forhandlinger, Antsirabe 16. april-30. april 1947, sak no. 10, side 48-63. Dei opplesne aktstykkene side 52.
18. Nevnte referat side 59.
19. Referat fra den syvende og åttende Lutherske Felleskonferanse, avholdt i Tu-lear 23.-28. juli 1945, og Tananarive 9.-11. august 1948, side 21.
20. Referat fra den niende Lutherske Felleskonferanse, holdt på Ivory Fianarant-soa 20.-22. juni 1949, side 4-5.
21. Skauge: Beretning om inspeksjonen på Madagaskar 1949-1950. side 33.
22. Skauge: nevnte skrift, s. 33.
23. Birkelis kopibok: Brev frå Board of Foreign Missions of the Evangelical Lutheran Church. Mission Secretary Grønli, September 20, 1946. Til NMS: Attention Dean Cornelius and General Secretary Amdahl.  
Brevet henviser til eit brev frå NMS den 29. mars 1946, og Birkeli sine forhandlinger som følge av det. Kopi av dette brevet kan nok oppsporast i NMS sitt arkiv i Stavanger.
24. Birkelis kopibok: Håndskrevet notat med tittelen: «Diskusjon av enhetsspørsmålet under Amerikaoppholdet».
25. Birkelis Kopibok: Brev til pastor Grønli den 14. august 46. Spørsmålet er understreka av Birkeli.
26. Birkelis Kopibok: Brev til Misjonsekretær Grønli den 21. august 1946.
27. Birkelis Kopibok: Nevnte brev frå Board of Foreign Mission sjá note 23.
28. Birkelis kopibok: Brev til prof, Helland den 11. sept. 1946.
29. Birkelis kopibok. Brev til Generalsekretær Amdahl, 23. sept. 1946.
30. Birkelis kopibok. Brev til prof. Helland den 13. des. 1946.
31. Birkelis kopibok. Brev til Buvarp den 24. februar 1947.